

Til drosjesentralane i Bergen köyreområde

Brevet vert berre sendt per e-post

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykker ref.:
201204787-30/832/ANNVEDV

Bergen, 11. juni 2013

Rapportering frå drosjesentralane - statistikk frå vekene 22-26

I samband med den årlege evalueringa av drosjeverksemda i Bergensområdet bed me dei ulike drosjesentralane om å levera informasjon. Rapporteringsplikta går fram av yrkestransportforskrifta § 50 og er vidare fastsett i drosjereglement for Bergen köyreområde som vart vedteke i fylkesutvalet i Hordaland 01.12.09.

Pkt 5. Drosjesentralane si rapporteringsplikt:

Drosjesentralane pliktar innan 1. september kvart år uoppfordra å sende inn følgjande statistikk til fylkeskommunen:

- *Informasjon om totalt tal køyreoppdrag, fordelt på type køyring for veka 22-26.*
- *Informasjon om disposisjon av drosjebilparken for veka 22-26.*
- *Informasjon om årleg omsetning.*

Drosjesentralane pliktar også etter krav frå fylkeskommunen å oversende annan relevant statistikk som fylkeskommunen måtte ha behov for, jf. yrkestransportforskrifta § 21. Ved brot på denne plikta kan fylkeskommunen fatte vedtak om at sentralen ikkje skal ha høve til å inngå formidlingsavtale med fleire løyvehavarar.

Fylkeskommunen bed ikkje lenger om informasjon om omsetnad. Tal for km køyrt vert gjeve for 2012 og 2013. Det same gjeld statistikk over drivstoffbruk, som er nytt for 2013.

Me viser elles til konstruktivt samarbeidsmøtet 29. mai 2013 der rapporteringa vart gjennomgått og drøfta med sentralane. Det vart semje på møtet om at ein held fast på rapporteringa slik den ligg føre, og slik at historikken ikkje går tapt. Samferdselsavdelinga presiserte plikta til å levera statistikk og alle sentralane stadfesta i møtet at dei for 2013 skal levera slik statistikk fylkeskommunen bed om. Samferdselsavdelinga legg såleis til grunn at alle sentralar leverer statistikken i år.

Av omsyn til fylkeskommunen sin trøng for å kunna samanlikna innleverte data mellom drosjesentralane og over tid, er det avgjerande at data vert levert på same form og spesifisert på same måte frå alle sentralane. Data skal leverast i excel rekneark på den forma og med det innhaldet som er vist i vedlegget. Data som avvik vesentleg i form og innhald frå det som er skissert vil ikkje kunna godkjennast som levert. Ta gjerne kontakt med fylkeskommunen dersom noko er uklart.

Leveringsfrist er 1. september 2013.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
rådgjevar

Vedlegg: Mal på Excel rekneark til statistikken

Norgestaxi Bergen AS

Bergen Taxi AS

Taxi 1AS

Bryggen Taxi SA

A-taxi AS